

Møtereferat

Dato: 04.06.2019

Emne:	Regionalt planforum – temarevisjon for kommuneplanens arealdel, Meland kommune	
Til stades:	Hordaland fylkeskommune (HFK): Eva Katrine Ritland Taule, Lars Petter Klem, Sigrun Wølstad, Vibeke Saure Lokøy, Siri Hansson, Kjell Gitton Haaland (KIRU) Statens vegvesen (SVV): Marianne Skulstad, Tone Bøyum Fylkesmannen i Vestland (FM): Hege Brekke Hellesøe Meland kommune: Øyvind Oddekalv, Martin Kulild, Kristin Nåmdal, Marius Flemmen Knudsen, Marianne Aadland Sandvik	
Forfall:	-	Sak: 2016/34275-
Møtetid:	28.05.2019 kl. 10.00 – 12.00	Møtestad: Møterom Sunnhordland, Fylkeshuset

Møteleiar: Eva Katrine Ritland Taule

Referent: Lars Petter Klem

Eva Katrine Taule, konstituert plansjef i Hordaland fylkeskommune, ønske velkomen og orienterte om regionalt planforum, eit forum for å fremme dialog i planprosessane. Kort presentasjonsrunde.

Innleiing v/ Øyvind Oddekalv, ordførar i Meland kommune

Introduserte planarbeidet med temarevisjonen. Då ein utarbeida ny kommuneplanens arealdel (KPA), så kommunen at det var fleire tema som gav utfordringar og som ein burde ta tak i gjennom temarevisjon.

Meland kommune er no på vei til å slå seg saman med Lindås og Radøy for å bli nye Alver kommune, og ein ønskjer å ha ei oppdatert kommuneplan inn i dette arbeidet. Dette mellom anna på grunn av at ein vurderer det til at det vil ta lang tid før ny kommuneplan for Alver vil føreligge.

I planprogrammet la ein opp til revisjon av følgjande tema:

- Areal for havbruksrelatert næring på land og vatn, samt djupvasskai
- Reiselivsrelatert næringsutvikling og Meland golf
- Kartlegge eigna areal for gjenbruksmasser
- Areal for ny barneskule i området Dalstø-Frekhaug
- Sambandet Vest AS sitt val av vegløyseringar over Meland
- Areal for parkering til attraktive turområder og rasteplasser

Presentasjon av temarevisjonen, v/ Kristin Nåmdal, samfunnsplanleggar i Meland kommune

Synte til korleis arbeidet med revisjonen har utvikla seg sidan ein varsel av oppstart.

Gjennom planprosessen har ein vurdert det til at tre av temaa blei løfte ut av temarevisjonen:

- Barneskule: Ein har fått gjort ei alternativsvurdering for plassering av ny barneskule. Vidare framdrift vert ein del av planarbeidet med områderegulering Mjåtveitstø-Dalstø (B8 og B9).

- Sambandet vest vil bli behandla gjennom eigen kommunedelplan, planprogrammet vil kome med alternativsvurdering på høyring i juni – mål om vedtak i september 2019.
- Areal for parkering til attraktive turområde og rasteplassar innså ein at blei for lite arealmessig for å bli behandla gjennom KPA. Dette har blitt løyst i lag med lokale interessentar i planprosessen.

Ein har vurdert det til at Meland Golf ikkje skal bli behandla i revisjonen saman med andre innspel knytt til reiselivsbasert næringsverksemd. Kommunen ser at det blei vanskeleg å planleggje området no, så ein har lagt ei omsynssone over det og omtalt det i planområdet. Ein ønskjer å behandla dette seinare gjennom områderegulering.

Ein sitt då igjen med areal for havbruksrelatert næring på land og vatn, samt djupvasskai, reiselivsrelatert næringsutvikling og kartlegging av eigna areal for gjenbruksmasser. På oppdrag frå kommunen, har konsulent utarbeida ei akvakulturanalyse for å identifisere potensielle lokaliteter for akvakulturanlegg i Meland kommune.

Medverknad

Kommunen har vore i tett dialog med havbruksnæringa for innspel til løysingar for akvakultur og landbasert anlegg. Dei har også diskutert med Kvinnherad og Osterøy for å få meir kunnskap til slike prosessar. For massehandteringa har dei hatt møte med lokale bønder og Statens vegvesen.

Etter innspel til temarevisjonen, og konsekvensutgreiing, er det følgjande hovudtrekk ved planframlegget:

Havbruk

- 2 områder for akvakultur (Trollhola, Kjepevikholmen)
- 2 område for kombinert formål ved Skjelanger (FEFAKFR)
- 1 område for kombinert formål Kvernhusa/Einhøyen, tang-/tareproduksjon (FEAK)
- 1 område for landbasert akvakulturanlegg (Landsvik), saman med djupvasskai

Reiselivsrelatert næringsverksemd

- Lokalar til landbruksrelaterte kurs, og overnatting (Nedre Tveit)
- Tretopphytter og lavo for utleige ved Storavatnet (Gripen)
- Utleigehytter og serveringsstad mot Radfjorden (Fureskjegget)
- Endring i føresegn for eksisterande plan for småbåthamn (Io)

Overskotsmassar

I hovudsak regulert gjennom spreidd næring, men har også satt av areal til formål bygg og anlegg som kan tene større utbyggingsprosjekt for kommune og region.

Innspel frå regionale etatar

Havbruksrelatert næring på vatn og land, og djupvasskai

Akvakultur

Fylkesmannen i Vestland ville poengtere at ut frå kva dei hadde sett, mangla det noko på kunnskapsgrunnlaget for plasseringa av akvakultur. Etterspurde at rapporten ser på påverknaden oppdrett vil ha for heile fjordsystemet, for lus og korleis fisk frå vassdraget lenger inne blir påverka. Dette er vesentlege tilhøve når dei handsamar saker om akvakultur.

Meland kommune meiner dette har blitt grundig utarbeida i rapporten. Dei vil gjerne ta eit eige møte med Fylkesmannen saman med konsulent for å få avklaring rundt dette.

Hordaland fylkeskommune v/ akvakultur syntes arbeide med akvakulturanalysen, og behandling av desse gjennom eigen konsekvensutgreiing etterpå, var ei god måte å løyse dette på. Ein er ikkje samd med at ein i føresegnene skriv at ein kan krevje reguleringsplan, då ein finn det uklart når kan-kravet blir utløyst. Dette skapar dårleg føreseielegheit for næringa. Akvakultur ved HFK ville minne om at etter at areal til akvakultur blir avklart i kommuneplanen, så vil ei konsesjonssøknad for akvakulturanlegg bli grundig behandla gjennom akvakulturforskrifta. **HFK v/ næring** synte til at ein kan krevje reguleringsplan, sjølv om det ikkje står i føresegnene. **HFK v/ plan** vektla at det kan vere greitt å ha det i føresegnene for å gjere denne moglegheita tydeleg.

Meland kommune kunne informere om at dette var eit tema som har vore drøfta internt og eksternt. Ein ser det som aktuelt for dei områda som ligg i nordre sektor, som ved Skjelanger, då det mest sannsynleg vil bli eit friluftsområde

Hordaland fylkeskommune v/ planseksjonen syner til at ein i føresegn3.3.3.1 skriv at fortøyingar i størst mogleg grad skal vere innafor formålet for akvakultur. Denne formuleringa er uklår og ønska at kommunen skulle greie ut for dette valet av ordlyd. **FM** ønskjer at det skal stå som «skal vere innafor» i føresegna.

Meland kommune synte til at ein har valt å leggje ut store område til akvakultur for å sikre at ein skal kunne dekke krav om fortøying innafor arealformålet, og at ein skal kunne flytte anlegga noko. Dette er eit val ein har gjort etter tilråding frå fagfolk, då ein ikkje må gå igjennom dispensasjon.

Hordaland fylkeskommune v/ akvakultur var samd med kommunens vurdering, og meinte at ein burde kunne ha moglegheit til å leggje fortøying i fleirbruksområde også.

Kystverket har levert inn eit innspel på førehand – dette blei lest opp (sjå vedlegg til referatet).

Landbasert akvakulturanlegg og djupvasskai på Landsvik

Statens vegvesen og HFK v/ planseksjonen hadde merknadar knytt til føresegnene 1.5.2 Landsvik og 4.2. Dei bad kommunen gjere greie for kva dei legg i «samferdselsstruktur» i rekkefølgjekravet for utbygging av næringsområdet på Landsvik, kva som er riktig ordlyd med tanke på planleggast eller utbyggast og kva tankar dei hadde bak valet av at samferdselsstrukturen må vere «godkjend». **SVV** ville framheve at området ikkje kan leggast til utvikling før infrastruktur er på plass. Dei ville også påpeike om at dei fleste arbeidsplassar på land treng vegtransport, sjølv om hovudnæringa er retta mot sjø.

Meland kommune presiserte at dei meiner at samferdselsstruktur kan vere både Sambandet vest, men også ny kai. Dette då meiner at ein kan komme til eit akvakulturanlegg med båt. At ein brukar «godkjend» i føresegnene syner til at ein ønskjer å kunne utvikle området før Sambandet Vest er på plass, då mykje kan takast gjennom sjø. Det er dette kommunestyret og formannskapet ønskjer.

Hordaland fylkeskommune v/ samferdsel minna om at det å leggje inn slikt formål, når det er knytt til eit prosjekt som Samband Vest som det kviler stor usikkerheit rundt, kan skape utfordringar i høve urealistiske forventningar til realisering i nær framtid.

Fylkesmannen i Vestland sa dei ikkje hadde fått sett på dette i detaljar no, men minna om at dei tidlegare har hatt motsegn til dette området på grunn av krav til vegtilkomst.

Behandling av overskotsmassar

Statens vegvesen peika på at det hovudsakeleg ikkje er massedeponi og jordforbetningsareal dei er interessert i, men tilkomsten til slike areal. Ein registrerte at det er skreve noko om tilkomst i konsekvensutgreiinga, men at det ikkje alle stader er løyst men heller berre kommentert som ei utfordring. SVV vil difor påpeke at det på enkelte område kan vere vanskeleg å løyse med tanke på avkøyring, og legg til grunn at ein vil planleggje ut frå ordentlig standard for avkøyring etter handbøkene på alle områda.

Meland kommune synte til at det vil vere forskjellige dimensjonar det er snakk om mellom LNF og BE-områda for massebehandling, til dømes arealet på SN18_Brakstad opp mot BE4_Dale/Hopland.

Kommunen ville også vektleggje at dette er nybrottsarbeid og at ein ikkje har alle fasitsvar endå for korleis ein skal jobbe vidare med dette.

Hordaland fylkeskommune v/ fylkeskonservatoren ville framheve at det er viktig at dei får alle sakane om massehandtering til behandling i høve kulturminnesi. Dei synte til at i føresegnene er dette dekkja opp for areal med formål bygg og anlegg, mens ein for LNF kunne ser at dette blir ivaretatt i område kor tiltak vil føre til meir enn tre meter med sigen masse. For Fylkeskonservatoren er det viktig å få melding uansett storleik på tiltaket.

Meland kommune synte til ureningsforskrifta som gjer at Fylkeskonservatoren vil få desse til behandling.

Reiselivsrelatert næringsverksemd

Gripen

Hordaland fylkeskommune v/ næringsseksjonen hadde spørsmål knytt til korleis ein vil handtere utbygging av tretoppfytter opp mot plan- og bygningsloven, altså faste installasjonar der det ikkje er noko infrastruktur frå før. **SVV** poengterte at viss dette er knytt til næringsverksemd vil det også vere aktuelt å tenke på behov for parkeringsplassar, ser ikkje at dette har blitt behandla i føresegna endå.

Meland kommune avgrensa innspelet slik at ein ikkje ville råke ved eit naturvernområdet, i så fall ville det automatisk måtte handterast gjennom plan- og bygningsloven. Kommunen ville presisere at dette var eit prosjekt i særleg liten skala, og med ingen etablering av infrastruktur. Tiltaket vil vere knytt til eksisterande gardsbruk i området

Småbåthamn lo

Hordaland fylkeskommune v/ transportplanseksjonen synte til at småbåthamna korkje har, eller vil få, særleg god vegtilkomst. lo-brua er ei flaskehals. **HFK v/ planseksjonen** etterspurte det samla avtrykket som vil kome av planen for småbåthamnbygging på lo, då det også er lagt opp til utviding av det allereie eksisterande hamneområdet like ved brua.

Meland kommune synta til at dei har lagt inne rekkefølgekrav om infrastruktur til dette prosjektet. Det er då snakk om utbetring av avkøyringa mot fylkesvegen.

Kva gjeld totalt tal på nye båtplassar viste dei til føreseigna for maksimalt 150 plassar på småbåthamna ein har endra i føresegnene til no, og at ein trur det er plass til ca 100 nye i det anlegget som allereie eksisterer i dag..

Diverse

Handel

Hordaland fylkeskommune v/ planseksjonen synta til at ein ved sist møte i planforum tok opp at kommunen må innarbeide føresegner for handel, jf. regional plan for attraktive senter, inn i kommuneplanane. Desse er idag uansett gjeldande etter regional plan, men berre for 10 år frå vedtaksdato. Ved å få dei inn i kommuneplanen vil det gjere det tydelegare for planleggjarane lokalt og sikre dette tilhøvet utover 10-årsperioden . Administrasjonen vil difor tilrå motsegn på dette punktet, for å få det innarbeida.

Meland kommune synta til at dei for tida jobbar med å utarbeide ei handelsanalyse for nye Alver kommune, og tenker at dette kan gjerast etter samanslåinga og analysen er ferdig.

HFK v/ plan synta til at slikt arbeid ofte kan ta lang tid, og i mellomtida kan det kome sakar som skulle tilsi at dette må vere på plass.

Kulturminneplan

Hordaland fylkeskommune v/ Fylkeskonservatoren etterspurde status for kulturminneplanen, då ein ved førre planforum sa at den skulle vere ferdig i 2018.

Meland kommune: planen har diverre blitt utsett. Ein ser at den ikkje vil bli ferdig innan vi blir Alver. Det vil komme inn i planstrategien, og vi skal ha ein felles for Radøy, Lindås og Meland.

Planfaglege merknadar

Hordaland fylkeskommune v/ planseksjonen peika på at det er nokre tekniske feil i plankart og føresegnene. Då dette er juridiske dokument er det viktig at desse blir retta opp i.

Statens vegvesen etterspurde klargjering i høve utbygging i LNF-spreidd, og om tabellane for utbygging no blir presentert som «nulla ut» når temarevisjonen for KPA vert vedteken.

Meland kommune vil tydeleggjere dette i det endelege dokumentet, det er ikkje snakk om at dei vil bli «nulla ut». Ein kan t.d. leggje inn ei tydeleggjering på at for utbygging i LNF så er det 2015 som er utgangspunktet for teljinga.

Om motsegnprosessen

Fylkesmannen i Vestland vil samordna eventuelle motsegn frå staten, og så blir det tilbod om dialogmøte med statlege parter. Som oftast blir det etter høyringstiden. **HFK v/ akvakultur** synte til at dei har motsegningsrett for akvakultur, og deltek gjerne på eit dialogmøte viss det vil vere motsegn frå Fylkesmannen knytt til dette temaet.

Avslutning og oppsummering v/ møteleiar

Ein gav kommunen skryt for nybrottsarbeidet ein har gjort i høve behandling av overskotsmassar. Ein ser også at kommunen har gjort eit godt arbeid sidan førre planforum, og tatt mange av signala frå etatane. Det har verka som å vere ei klok avgjerd å avgrense oppgåvene for å kunne behandle dei sakane grundig.

HFK har bedt om å få utsett frist for å få politisk handsaming av fråsegnen 18. juni, og vil difor levere fråsegn etter fristen som er 13. juni.


Meland kommune takka for eit konstruktivt møte. Dei ønska også å framheve at det er viktig for dei å få denne saka i hamn for samanslåinga, og ønskjer tett kontakt med etatane for å sikre god prosess vidare.

Vedlegg 1 – innspel frå Kystverket

Når det gjelder Meland kommune og «Areal for havbruksrelatert næring» ønsker Kystverket å spille inn:

Overflateareal til akvakulturanlegg, må ikke komme i konflikt med farled (hoved- og biled), spesielt ikke inn i hvit sektor. Fortøyninger kan komme inn i farledsareal, men må ha en dybde på min. 20 meter når fortøyninger går inn i areal avsatt til farleden. Bes tas med i føresegnene.

Eks. ved akvakulturlokalitet 11652 Kjeppvikholmen i Herdlefjorden, der eksisterende lokalitet ligger helt inn til hvit sektor (vises som gult fra lykt).



Der «Fiskefelt» kommer inn i areal til farled må det legges inn både arealkategori «fiske og ferdsel». Areal til farled er vist som grønt areal i bilde nedenfor. Skravert felt er fiskeområder med aktiv redskap.



Kystverket imøteser tidlig dialog ved planlegging av nye akvakulturlokaliteter. Kontaktperson akvakultur i Kystverket Vest er Bjarte Holta.

Vedlegg 2: Innspel frå Direktoratet for mineralforvaltning

DMF registrerar at hovudfokus for revisjonen ikkje omhandlar mineralressursar særskild, men planskilringa fortel at dei valde temaa skal vurderast opp mot ulike arealstrategiar. Ved all overordna arealplanlegging kor ein skal velje ulike område for ulike arealføremål, må grunnlaget for avgjerdene baserast på ei oversikt og/eller kartlegging av mellom anna naturressursar. Noregs Geologiske Undersøking (NGU)^[1] har kartlagt og skildra mineralske førekomstar av ulik verdi over heile Noreg. Desse førekomstane er, jfr. Nasjonale forventningar til regional planlegging 2019-2023, vurdert til å ha stor verdi for samfunnet. Mineralressursar er òg ei ikkje-fornybare ressurs, som berre kan takast ut der den finst naturleg. Dette er to tungtvegande grunnar for å ta vare på dei registrerte førekomstane i kommunen der det er mogleg. Dette kan være i form av arealformål råstoffutvinning, eller dei kan synleggjerast med omsynssone for å hindre at dei blir bygd ned eller gjord utilgjengeleg for utvinning i framtida på andre måtar.

Kommunen har i følgje NGU sine databasar fleire førekomstar av pukk. Våre databasar viser berre eitt masseuttak i drift.

Ein av førekomstane er ein stor og viktig ressurs av pukk med sjønær plassering vest for Eidsfjellet. Namn på førekomsten er Garnviki. NGU beskriv at førekomsten kan gje materiale som tilfredsstiller alle norske krav til tilslag til både vegdekker, bære- og forsterkingslag.

DMF ber om at kommunen i sitt vidare arbeid med arealplanen gjer følgjande:

- Utarbeidar ein oversikt over kommunens registrerte mineralressursar som grunnlag for vurdering av anna arealbruk i kommunen
- Sikrar mineralførekomsten Garnviki for framtida. Dette bør helst gjerast ved å avsette område til framtidig råstoffutvinning, men kan òg synleggjerast med omsynssone for mineralressursar; Rundskriv «Ikrafttredelse av endringer i plan- og bygningsloven og matrikkellova» datert 30. juni 2017, skildrar ny omsynssone for mineralressursar (§ 11-8).

«Endringen åpner for at kommunene gjennom sin planlegging kan synliggjøre mineralressurser som kan være aktuelle for fremtidig utvinning, og gi retningslinjer om begrensninger av virksomhet og vilkår for tiltak for å ivareta denne interessen.

Hensikten er å unngå utbygging eller tiltak som kan vanskeliggjøre senere utvinning av mineralske ressurser.»

DMF kjem attende med ei meir utfyllande uttale i samband med den offentlege høyringa av saken.

[1]